



3 Aksnesbrøyr i Uskedalen sommaren 2013: Ruben, Eirik og Sindre (frå venstre)

**Anne Kari Rørheim maktar ikkje lengger å halda fram den harde kampen med helsevesenet men tek den ME-sjuka sonen Eirik (28) heim til Uskedalen. Familien har førebels ikkje bestemt kvar eller korleis han skal opphalda seg, men det bør bestemmast så snart som mogeleg, seier Anne Kari til uskedalen.no. Ho har konstatert at helsevesenet ikkje forstår sjukdommen men ekspertar har overttydd henne om at det er ei fysisk lidning. Eirik ligg i eit mørkt og lydisolert rom på Boganess bokollektiv i Stavanger og saka har vekt stor merksemd også på riksplanet.**



Anne Kari Rørheim tek sonen heim

Sjølv meiner Eirik at han har vorte dårligare av den behandlinga han har fått i Stavanger, Dei utsetter han for lys og lyd og trur ikkje at han er så sjuk som han er. Anne Kari meiner tvertimot at han skal skjermast mot lys og lyd. Truleg er det 100 ME-sjuka i landet som er like sjuka som Eirik. Han var ein aktiv og dyktig jazzmusikar før han vart sjuk.

ME er kronisk utmattingssyndrom. ei liding som gir ei unormal kjensle av utmatting.

Dei som vert ramma opplever ei fullstendig energisvikt som ikkje let seg kvila bort.

Blant dei mange symptoma er sviktande hukommelse, sår hals, kroniske muskelsmerter, hodepine, svimmelheit, ustabil blodtrykk, auka sveiting, kvalme, og ømme lymfeknutar. Eirik har no vore knytt til senga i omkring eitt år og belastninga for familien har også vore stor.

- Her er det mørkt og ensomt og eg har vanvittige smerter i heile kroppen, hviskar Eirik i eit NRK-opptak. Han meiner han er systematisk ignorert og misforstått frå fyrste stund. Både han og mora har klaga til fylkesmannen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Tor Inge Døssland og Ole Andreas Bø, NRK